

## Rutine for bruk av lydopptak i student- og forskingsprosjekt

Retningslinjer for forskning med personopplysingar	
<b>Dokumenteigar:</b> Behandlingsansvarleg	<b>Lagt fram for Forskingsutvalet:</b> 18.06.2020
<b>Dokumentansvarleg:</b> Forskingsadministrasjonen	<b>Godkjent av direktør:</b> 16.06.2020
<b>Gyldig for:</b> Prosjektleiar, student	<b>Versjon:</b> 1
<b>Regulert av:</b> Personopplysningsloven, Forskningsetikkloven	

### Formål:

Formålet med rutinen er å sikre at alle student- og forskingsprosjekt ved HVO behandlar personopplysingar i samsvar med Lov om behandling av personopplysingar (personopplysningsloven) og generelle forskningsetiske omsyn i tråd med Lov om organisering av forskningsetiske arbeid (forskningsetikkloven).

Eit lydopptak av ein samtale vil registrere korleis stemma til ein person høyrast ut, noko som i seg sjølv er rekna som ei personopplysing. Alle lydopptak av samtalar til forskingsformål er såleis rekna som registrering og lagring av personopplysingar.

Jamfør Personopplysningsloven kan eit lydopptak gjennomførast dersom

- det er eit rettsleg grunnlag for lydopptaket, som til dømes samtykke
- dei som deltek blir informert
- det kun skjer til klare formål og opptaket er relevant for formålet
- det ikkje blir lagra utover det som er naudsynt for formålet
- informasjonssikkerheita er tilfredsstillande ivareteke

Sjå [Datatilsynet](#) for meir informasjon.

Rutinen er gyldig for forskingsprosjekt, master- og bacheloroppgåver. For mindre studentoppgåver og arbeidskrav må emneansvarleg i samråd med personvernombod legge rammer for oppgåvene som sikrar at studentane behandlar personopplysingar i tråd med loverket.

### Gjennomføring:

- NSD skal ha gitt ei vurdering av prosjektet før behandlinga av personopplysingar, altså lydopptaka, kan byrje. Alle lydopptak av samtalar til forskingsformål er rekna som registrering og lagring av personopplysingar, og skal difor meldast til NSD.
- Lydopptaket må ha eit klart definert formål og eit gyldig behandlingsgrunnlag. I dei fleste studentprosjekt vil formålet vere utdanning eller forskning, og behandlingsgrunnlaget vil vere samtykke frå dei registrerte. Ein skal alltid hente inn informert samtykke frå deltakarane før ein går i gang med lydopptaket.
- Alle student-/forskingsprosjekt ved HVO skal nytte Nettskjema-diktafonen til lydopptak. Dette er ein gratis app for sikkert lydopptak. Sjå eiga [Brukarretteiing for Nettskjema-diktafon](#). Om du likevel ønskjer å nytte eit anna verktøy, ta kontakt med IT/Personvernombod for råd om sikker lagring undervegs i prosjektet.
- Dersom nettskjema har tekniske problem og oppmodar brukarane til å nytte doble opptakseiningar (som t.d. ein eldre telefon utan SIM-kort), så kan ein gjere det til dei har funne ei løysing på problemet.

- Om intervjuobjekta på nokon måte er bundne av teieplikt, er det viktig å minne dei på dette før intervjuet startar.
- Spel av opptaket direkte frå Nettskjema.no, - ikkje last det ned til eiga maskin. Dersom du har behov for å laste ned lydopptaket, må tilsvarande sikker lagringsplass nyttast og ein må opplyse om dette i meldeskjemaet til NSD. Kontakt IT/Personvernombod for råd.
- Om lydopptaket skal transkriberast bør ein nytte høvet under transkribering til å fjerne direkte personidentifiserande opplysingar. Om ei transkribering inneheld direkte personidentifiserbare opplysingar må ein lagre desse i høve til HVO sin lagringsguide. Ein kan også pseudonymisere datamaterialet ved å gi dei registrerte nummer eller fiktive namn. Evt. namneliste eller koplingsnøkkel skal oppbevarast separat frå materialet og sikrast som raud/fortruleg informasjon jamfør HVO sin «lagringsguide». Det er då viktig å huske at pseudonyme opplysingar ikkje er rekna som anonyme, og at namneliste/koplingsnøkkel må slettast ved prosjektslutt eller i samsvar med det som er skissert i meldeskjemaet.
- Slett lydopptaka så snart transkribering er gjennomført. Ver merksam på at Nettskjema automatisk vil slette lydopptak som har vore inaktive i eit år (for å hindre at personopplysingar blir oppbevart lenger enn naudsynt).

#### **Dokumentasjon:**

Fullstendig protokoll over all behandling av personopplysningar i forskingsprosjekt ved HVO blir henta frå NSD Meldingsarkivet.

Nettskjema har oversikt over alle prosjekt ved HVO som utfører lydopptak.